

# Årsmelding for Jostedal Spel-og dansarlag for året 2004.

Dette året var sjølv sagt prega av at det var jubileumsår for laget. 50- årsmarkeringa med ein flott bygdefest i samfunnshuset var laget verdig, tykte me.

Medlemstalet i laget er no 58.

Det har vore halde **6 styremøte** og handsama **27 saker**.

**Årsmøte for 2003** vart halde den 07.02.2004 på Jostedal Hotell.

Årsmelding, rekneskap, arbeidsplan og nytt budsjett godteke av årsmøtet

Valet hadde slikt utfall:

Asbjørg Ormberg, attvold som leiar, Janniche Hovland ny styremedl., Tordis Vigdal attvold som 1.vara, Helene M. Bolstad nyvald som 2.vara.

Solveig Sperle, Arnfinn Gjerde og Odd Arne Myklemyr var ikkje på val.

**Styret** konstituerte seg seinare, og har hatt denne samansetjinga:

Asbjørg Ormberg, leiar, Arnfinn Gjerde, nestleiar, Janniche Hovland, kasserar, Solveig Sperle, skrivar, Odd Arne Myklemyr styremedl.

**Medlemspengar** vart ved ein feil ikkje endra for året 2004, og har også dette året vore på totalt kr. 125 for vaksne og 40 for born. Dette er ei "avgift" som blir innkravd frå Landslaget direkte, og dekkar kr.30 / kr.10 til fylkeslaget og kr. 80 / 40 til landslaget. Det vert då att kr. 15 pr. voksen medlem til Jostedal Spel-og Dansarlag, og kr. 0 for born. Dette må me gjere noko med. (Framlegg til endringar)

## Aktivitet i laget:

### Opplæring og kurs

Det har vore **opplæring på hardingfele** på fleire nivå med Harald Hesjevoll som lærar. Fleire elevar har slutta opplæringa dette året, slik at det no er svært få elevar under opplæring i laget. Det har også vore elev på **trekkspel**, lærar Harald Hesjevoll.

Øvingar i **spelemannslaget** har ikkje vore fast, men intenst framfor kappleikar/ konsertar/ framføringar. Else Marie Haugen og Helene Myklemyr Bolstad er musikalske leiarar. Dei har òg teke opp i laget dei unge som spelar hardingfele. (Ragnhild Myklemyr og Ida Kristine Sagerøy)

**Dansarane** frå JSD er no med i Lystringen og har faste øvingar med dei. Men desse er medlemar i JSD, og repr. laget på kappleikar.

Laget har òg støtta (økonomisk) tiltak frå Morten Vigdal m.fl om **dansepplæring** i fleire danseformer ved samlingar på hotellet nokre kveldar gjennom året.

**Verkstadhelg** vart tilskipa den 5. og 6.november. - Opplæring på fele for dei unge felespelarane (som til vanleg har eit opplegg i skulen), - opplæring på gitar,- opplæring på trekkspel. Det var berre 14 deltarar i år, og styret vil arbeide meir med utforminga av verkstadhelg.

Det vart halde kurs i **hardingfelespel** med Håkon Høgemo helga 6.-7.februar (i samband med årsmøtet)

Unge spelejenter har vore med på **Mo-kurset** også dette året.

Laget hadde ein deltarar på **Strategikurs** med Clas van Ommeren på Gardermoen i desember.

Laget var ikkje repr. på årsmøtet til landslaget.

### **Deltaking på kappleikar**

Laget var repr. på Lanskappleiken i Eidfjord i spel og dans.

Vestlandskappleiken på Osterøy i dans,

Fylkeskappleiken på Hermansverk i spel og dans.

Laget har òg stilt med dommarar på kappleikar dette året.

Mari Ormberg repr. laget ved ein turnè i USA sommaren 2004 (saman med studievener)

### **Tilskipingar**

Laget arrangerte, saman med Breatrekken, Lustratreffet dette året, den 13.mars. Det var ein fin fest med mange grupper i elden, vel 100 betalande gjester og god lydredigering.

I samband med kurs for hardingfelespelarar med Håkon Høgemo, vart det tillyst **gamaldansfest** på Jostedal Hotell laurdag den 7.februar. Ein svært triveleg kveld med bra oppmøte.

Laget var med og arbeidde på 17.mai-feiringa i Jostedal.

Laget er med og skipar til "Blåe tonar under breen", siste helga i august. Trekkplaster dette året var Knut Reiersrud.

**Jubileumsfesten** vart skipa til laurdag den 4.september. Ei jubileumsnemnd samansett av Lars og Sigrun Vigdal, Harald og Elbjørg Haugen og Asbjørg Ormberg hadde hatt ansvaret for opplegget med denne festen. Fleire medhjelparar var aktive, det vart laga fleire undergrupper, og førebuingane gjekk greit. Festen vart ei fin markering av laget, og samfunnshuset var stappfull! (Sjå elles vedlegg, reportasje i JSA) Tek også med i årsmeldinga brev frå Lars Stølen: (vedlegg).

I samband med verkstadhelga, bad laget inn til **etterpå-lag** etter jubileumsfesten med graut, video-klypp frå jubileumsfesten og gamaldans i samfunnshuset.

Laget skipa også dette året til **julebord** på Jostedal hotell, fredag den 17.12. Denne festen ser ut for å vere populær, og det kjem folk frå både her i bygdi og utafor. I år var det ca. 88 betalande. Musikk var Hagen & Aaberge.

## Instrumentkjøp / tilvekst

Det vart søkt om tilskot til, og innvilga tilskot på kr. 18000,- fra MVO + kr. 10000,- fra Luster Kommune til kjøp av Hardingfeler til laget. Harald Hesjevoll, som no er materialforvaltar i laget, hadde ansvaret for innkjøp. Han handla med instrumentmakar Bernt Balchen, og det vart kjøpt 2 hardingfeler og ei fiolin som var ombygd til hardingfele. Bogar og feleskrin vart også kjøpt. 2 av desse felene er no i bruk.

Det lyt òg takast med at laget fekk ei flott hardingfele i gavé hjå Lars Stølen til jubileet. Dette er ei fele Lars Stølen sjølv har arbeidd, og fela fekk bronsemedalje på Lanskappleiken i 1996.

Lars Stølen seier slik om bruken av fela: "*Fela har vore alt for lite spelt på. Eg ynskjer difor at Harald Hesjevoll kan ha fela ei tid frametter slik at ho kan verta skikkeleg innspelt. Og so vil eg gjerne få ho i hende att om eit års tid eller so, for justering og evt. anna som må til.*

*For fela har eg elles dette ynskjet:*

- *at ho vert spelt på av ein vaksen spelemann eller spelarkvinne som likar å spele på ho og som tek vare på ho,*
- *at ho kan bli verande i Jostedalen og vere til nytte for folkemusikken i dalen,*
- *at ho og Jostedal Spel-og dansarlag kan ha eit langt og godt liv i framtid!*

## Medlemsnytt.

Me slit litt med å få ut medlemsnytt, men har fått ut to "nytt" i løpet av året.

## **Arbeidsplan for året 2005**

- ◆ Ha opplæring i spel, song og dans  
Kva med dansen? Korleis få med borna i dansen?
- ◆ Halde øvingar i spelemannslaget. Få med rekruttane.
- ◆ Halde kurs, seminar i tråd med ynskje frå medlemane.
- ◆ Halde verkstadhelg til hausten.
- ◆ Halde instrument ved like, oppjustere og fornye.
- ◆ Skaffe pengar til laget. Søknader, legat. Kva med ein basar?
- ◆ Få fleire medlemar til laget. Medlemsverving.
- ◆ Profilere oss og bygda i turistsesongen, musikk-kveldar i kyrkja, på hotellet, Breheimsenteret
- ◆ Få realisere nye tankar:- Kurs i å bygge/ spele på langeleik
  - Seminar om dansespeling, - dansetradisjonen i bygda.
- ◆ Delta på lokale arrangement
- ◆ Delta på kappleikar/treffar. Laget betalar deltakaravgift for 3 kappleikar
- ◆ Delta på kurs utafor lokal-laget (t.d. Mo-kurset)
- ◆ Skipe til gamaldanskveldar
- ◆ Halde årsmøte
- ◆ Skipe til julebord med dans etter gamaldansmusikk
- ◆ Prøve å sende ut medlemsnytt to gonger pr. år.
- ◆ Arbeide for at kulturarven vår i Jostedal innan song, dans og spel vert halden i hevd.

## Kultur



# Jostedal Spel-og dansarlag 50 år

**Det var i 1954 at laget vart skipa. Lars Stølen fortel at dei var nokre karar som kom saman borte på Stølen ein fin sommar-kveld: Han Lars og han Melkior Stølen, han Olav Sperle, Kåre Gardshaug og Bjarne Sperle var med, og så Martin Halveg.**

Om det var fleire kan ikkje Lars hugse, truleg var det ikkje det. Dette var oppaktken, og laget vart formelt skipa på eit møte litt seinare. Lars Stølen var fyrste formannen, men sidan han budde i Oslo, tok Kåre Gardshaug over leiarvervet ganske snart.

Etter Kåre si formannstid tok Brita Gjerde over, og me veit ikkje om nokon andre leiarar fram til 1979. Då vart laget reist opp att etter ei tid med laber aktivitet. Dagrun Hesjevoll fortel at dei var nokre eldsjeler som samlast framme hos Åsne og Ottar Bergseth hausten 1979, og det vart då bestemt å endre namnet til Jostedal Spel-og dansarlag. Dei håpa at dette kunne føre til større aktivitet i laget, og det må ein vel seie å ha lukkast med. Den fyrste leieren etter omskipinga var Sverre Ruud, i åra 1979-80. Så overtok Dagrun Hesjevoll, og ho er vel den som har flest år i leiarfunk-

sjonen, iallefall 9 år til saman over to bolkar. Fyrst frå 1980 til 1985. Sigrun Vigdal var så leiar 1985-86, og så overtok Dagrun att i 1986-87. I 1988-89 var det Jan Ove Krokgjelet som styrt klubba. Harald Hesjevoll var leiar i 1990-91, Lars M. Vigdal i 1992-93 og Terje Drage i 1994. Så overtok Dagrun Hesjevoll og var leiar i åra 1995-98. Oddbjørg Ese var leiar i 1999 og 2000, Anne Kristin Haugen hadde leiarfunksjonen i åra 2001-2002. Asbjørg Ormberg, som no er leiar overtok i 2003.

I løpet av dei siste 25 åra har det vore skipa 3 kappleikar: Fylkeskappleikane i 1983, 1989 og 2001.

Kåre Gardshaug fortel litt om aktivitetar han hugsar frå dei fyrste åri i laget si soge:

- *Gjermund Haugen var her og heldt kurs og konsert. Sigbjørn Bernhoft Osa var her også. Laget vart invi-*

*terte til Årdal på fest, mellom anna i programmet "Lys og lykte" der Jostedølene var med i programmet. Tora-lf Eldegard inviterte dei fram til Eldegard på søndagen, og då spela Olav Sperle og Eldegardskarane godt!*

Elles var dei på kappleikar, helst i Sogn,-i Lærdal, Luster o.s.v.

På festane sine hadde dei ofte noko program før dansen, for då kunne dei kalle det Fest. Elles vart det berre dans.

I spelemannslaget hadde dei òg trekkspel med. Kåre hugsar Anders Aasen d.y., Lars O Neset og John Halveg. På hardingfele hugsar han Anders Nedrelid, Ola i Viki, GamleLars Fåberg, Lars Flaten, Martin Halveg, Olav Sperle, Sjur Hesjevoll, Leiv Nedrelid og Olav Gardshaug.

Kåre fortel òg om ein festkveld i ungdomshuset der Olav Sperle



framførde programmet "På rundtur med hardingfela". Heile 13 låtar var med på denne rundturen, m.a Olav sin sjølvlagda komposisjon "Sumarkveld på Styggevasshytta", som vart urframført denne kvelden.

Kåre har gøynt på lista over låtane som vart spelte, han var konferransier denne kvelden og tenkjer atende på ein strålande flott konsert. Det var det òg den gongen Halldor Mæland var i Framheim og heldt konsert. På Hafslo hadde få funne vegen til lokalet, men i Jostedalen var det fullt hus. "Eg vart mest nervøs då eg såg folkehopen", sa Mæland etterpå.

#### **Her fylgjer lista over låtane Olav Sperle spelte i Framheim 30.11.52:**

1. Springar frå Jostedal etter Anders Nedrelid (1809-79)
2. Den frilynde, reilendar av H. Geitvik
3. Det glade Ålesund, vals av Per Bolstad
4. Budeione på Vikafjell av Sjur Helge land
5. Datt du ned du, av Ola Mosafinn
6. På Ulrikkens topp, av Arne Bjørndal
7. Lengt, av Halldor Meland
8. Huldregjenta av Torkjell Haugerud
9. Brudemarsj etter gamle Hans Flatland
10. Myllargutens sørgjemarsj, av Torgeir Audunson.

11. St. Tomasklokken på Filefjell.
12. Sumarkveld på Styggevasshytta, av Olav Sperle
13. Fantegjenta, Lyarslått, Olav Sperle.

Då var det kanskje ikkje meir enn rett og rimeleg at me laut prøve å skipe til ein skikkeleg festkveld i jubileumsåret 2004 då! Jubileumsnemnda var Lars og Sigrun Vigdal, Harald og Eldbjørg Haugen, pluss leiar i laget, Asbjørg Ormberg.

Laurdag den 4.september var dagen, og både styre og jubileumsnemnd var spente: Ville det kome folk? Ville det bli nok graut og suppe? Ville me få til programmet? Jo, salen vart stappfull, programmet gjekk som ein leik og alle fekk mette seg!

Dansen etterpå vart eit jubileums- eventyr! Heile 9 grupper/lag i elden. Me vil hermed rette ei stor takk til dykk alle spelemenn og -kvinner!

Forutan Jostedal Spelemannslag var desse i elden:

"Gardsgrendi" "Blåfantens minne", "Ormberg's", "Stegegjerdes orkester", "Helselaget", "Labakkalaet", "B-gjengen"

**Av høgdepunktet denne kvelden må me nemne:**

- Ein vakkert pynta samfunnshus- sal fyllt til siste plass av feststemde jostedøler og folk frå fleire bygder rundt i Sogn.

- Jubileumsprogrammet som var bygt over ein prolog skriven av Lars Stølen og framført av Sigbjørg Sperle godt hjelpa av mange medlemar i laget, som i song, spel og dans dramatiserte mykje av prologen.

- Framifrå servering: Rømmegrøt, plomesuppe, spekemat og flatbrød. Og så jubileumskake, laga av Åse Hesjevoll.

- Gåveoverrekkingar med penge- gåver frå kommune og bank, blome- gåver frå mange og så det største: ei flott hardingfele frå Lars Stølen som gavé til laget! Hardingfela har fått bronsemedalje på ein Landskappleik.

- Dei to første formennene var med. Det er rett å seie at dei kasta glans over festen.

- Dansespelet.

**Styret i Jostedal Spel-og dansar- lag og Jubileumsnemndi vil rette ei stor takk til alle som friviljug stilte opp til ymse arbeid for denne festen. Og sist, men ikkje minst: stor takk til dykk alle som kom! Det var det som gjorde susen!**

Vedlegg 2.

Oslo 6. sept. 2004

JOSTEDÅL SPEL- OG DANSARLAG

v/ Asbjørg Ormberg

6871 Jostedal

Eg skundar meg med å skrive for å takke for den overlag gilde jubileumsfesten som laget skipa til no sistlidne laurdag kveld. Det var mykje meir enn eg trudde det kunne vere råd å få til.

Det var no for det fyrste at det kom so mykje folk i alle aldrar, og heilt ned til småongar som var med og leikte seg. Godt at slike kan hende at bygdefolk kjem med glede utan noko medieståk på førehand.

Det var ein fest i god bygdatradisjon gjennomförd på ein verdug måte som jubileumsfeiring. Og so var det ein rausst fest med mykje god mat - til og med med plommesupand! Det var hövisk at alt folket kom som gjester til gilde utan å skulle sjå etter pengeboki. Slik skal det gjeraast!

Og so var det all musikken og dansen. Det var reint so det myldra upp på scenen av band og spelegrupper som gledder oss og det var særskilt fint at dei vart presenterte ved dette hövet. Dei var i høgste grad med og gav det rette innhaldet til jubileumsfeiring i eit spel- og dansarleg. Mi beste helsing til dei alle.

Dramatiseringi på scenen var ein finfin opptakt til heile festen som vart leia og gjennomförd på ein hövisk og dugande måte.

Det må ha kostat mykje strev å få det heile til, og eg sender hermed mi beste takk både til styret i laget og alle dei andre som var med og laga den fine festen.

Med beste helsing

Kari